

— Filmmiljøet treng fleire kvinner

I DAG SNAKKAR VI MED: JADE HÆREM AKSNES

ALDER: 26 år

YRKE: Student ved American Film Institute

BUSTAD: Los Angeles, California


AKTUELL: Tek snart til på sitt andre og siste år som registudent ved American Film Institute.

— Du har lagt bak deg eit år som registudent ved American Film Institute (AFI) i LA. Korleis har året vore?

— Det har vore litt av eit år! Det har gått over all forventing, både med tanke på kor fantastisk skulen er og kor ekstremt arbeidskrevjande det er. Eg er nesten overvelda av kor gode tilbakemeldingar eg har fått frå lærarane. Dei er strenge og vil pushe folk vidare, så å få den «boosten» frå dei, er veldig kjekt.

— Korleis er studenttilværet der samanlikna med Noreg?

— Først og fremst er arbeidspresset der borte heilt sprøtt, med opptil sju dagar i veka, og nokre gonger 14 timar om dagen. Ein er på skulen heile dagen, og søv tre-fire timar om natta, men det går fordi ein får så mykje adrenalin. Men alle som går andre året der borte seier: Om ikkje det første året drep deg, så er det ingenting som drep deg. Og på eitt år der, har eg fått meir produksjonserfaring enn eg kunne drøyme om, med regi og manus på tre kortfilmar og medverknad på ytterlegare seks kortfilmar.



PÅ VEG MOT STJERNENE: Jade Hærem Aksnes er registudent ved prestisjetunge American Film Institute (AFI). Den komande regissøren får svært gode tilbakemeldingar av lærarane ved AFI, som tidlegare har fått fram store filmskaparar som David Lynch, Terrence Malick og Darren Aronofsky.

FOTO: ODD MEHUS

— Er det mange spisse olbogar og konkurranse på ein så prestisjetung skule?

— Det er faktisk noko av det eg er mest positivt overraska over. Eg hadde venta meg eit knivskarpt miljø der alle ville skubbe kvarandre vekk for å kome seg fram sjølve. Men det sosiale miljøet og samhaldet er noko av det beste med skulen. Når eg har slite som mest, er det nettopp dei andre i klassen som har vore mine beste støttespelarar.

— AFI ligg midt i Hollywood. Korleis er det å leve så tett på filmeliten?

— Det er litt absurd, men også veldig kult. Vi har hatt A-listekjendisar som forelesarar —

mellom anna Seth Rogen, Andy Serkis og Sam Mendes. Det er utruleg inspirerande fordi dei fortel korleis dei har tatt steget frå å vere filmstudent til der dei er no. Dei kjem med gode råd for å kome gjennom nålauget, men samstundes ha eit vanleg liv i ein veldig altopplukande bransje.

— Det er eit ganske mannsdominert yrke, å vere filmregissør?

— Definitivt. I USA er berre seks prosent av regissørane kvinner. I klassen vår på 28 er vi sju jenter, som er det meste på svært mange år. Vi får høyre at det er kjempevanskeleg som kvinne i eit så mannsdominert miljø, men det har eg alltid sett på som ei spennande utfordring.

Eg meiner filmmiljøet treng fleire kvinner. Ulike personar fortel ulike historier og bransjen har godt av mangfald.

— Kva er planen det komande året?

— I haust skal eg i gang med eksamensfilmproduksjonen. Første året er meir som ein treningsleir med mange produksjonar, medan eg no skal lage ein stor produksjon. Den skal sendast til ulike filmfestivalar, og vil avgjere mykje. Eg kjenner forventingspresset fordi fleire av Oscar-prisane for studentar har gått til eksamensfilmar frå AFI.

SONDRE ÅKERVIK